



Voss kommune v/ Plan- og miljøvernsjef Gunnar
Bergo

Dato: 06.04.2016
Vår ref.: 2015/11975-82
Saksbehandlar: solhjol
Dykkar ref.:

Tilskot lokale miljø- og klimatiltak - Klimatiltak Voss kommune

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til lokale klima- og miljøtiltak datert 18.03.2016. De søkte om kr. 50.000,- til tiltaket.

Vi kan med glede melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 50.000,- til Klimatiltak Voss kommune 2016 frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2016.

De må oppmode om utbetaling av tilsegna innan 01.12.2016.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Føremålet med prosjektet er å få fleire til å sykle ved å kjøpe 2 el-syklar til utlån for innbyggjarar, og ved å plassere ut nye sykkelstativ ved Voss idrettshall, Palmafossen, Voss Ungdomsskule og Gjernes skule.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Plan- og miljøvernsjef Gunnar Bergo, Voss kommune

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Innkjøp/utlån el-syklar	kr	25 000
Sykkelparkering	kr	25 000
SUM	kr	50 000

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune, Lokale miljø- og klimatiltak	kr	50 000
Sum	kr	50 000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: Karen.Louise.Nybo@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttrekneskapsskjema

